



Arkivnr: 2014/927-19

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

## Finansrapport 1. tertial 2018

### Samandrag

Fylkeskommunen si lånegjeld er 10 673 mill. kr. 50,7% av gjelda har rente som er bunden i meir enn eitt år. Fylkeskommunen er lite utsett for renteendringar inneverande år. Men på lengre sikt kan auke i rentenivået bli ei stor utfordring. Gjennomsnittleg rentenivå for låneporteføljen er 2,12 %, det same som ved årsskiftet.

**Økonomi:** Det er ikkje venta nemnande avvik i høve til vedteke budsjett.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2018 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Rapport gjeldsportefølge pr. 30.04.2018 (BCM)

## Fylkesrådmannen, 14.05.2018

## Lånegjeld


	kr 1 000	
	Fylkeskassen	Bompengeprosjekt*
Lånesaldo 1. januar	10 473 300	176 000
Nye låneopptak i 2018	525 000	0
Avdrag	325 000	0
Lånesaldo 30. april	10 673 300	176 000

\* Bompengeprosjekt omfattar E134 Stordalstunnelen og Årsnes ferjekai, der fylkeskommunen har teke på seg oppgåva som "bompengeselskap". Ein reknar med at desse låna blir overtekne av Ferde AS i løpet av året.

I 1. tertial er det teke opp eit nytt obligasjonslån på 525 mill. kr, med fast rente i 5 år (2,095 %). Eit lån på 325 mill. kr er innfridd, og dette er bokført som avdrag.

Låneporteføljen fordeler seg slik:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 451 000	23,0 %
Obligasjonslån	12	5 215 000	48,9 %
Kommunalbanken (langsiktige)	10	3 007 300	28,2 %
<b>Totalt</b>	<b>29</b>	<b>10 673 300</b>	<b>100,0 %</b>



Nye låneopptak dei siste åra har for det meste blitt gjort i form av obligasjonslån. Denne lånetypen utgjer no nær halvparten av samla låneportefølje.


Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der bankane opptre som mellommenn. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.

## Gjeldsgrad

Ved siste årsskifte hadde Hordaland fylkeskommune ein netto gjeldsgrad på 113,4 % av driftsinntektene. Dette er høgaste gjeldsgraden mellom fylkeskommunane. I gjennomsnitt utgjorde netto lånegjeld for fylkeskommunane 71,7 % av driftsinntektene. Gjeldsgraden for Hordaland auka frå 109,2 % i 2016. Ein har sett som mål å bremse gjeldsveksten slik at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 115 %.

Det er vanskeleg å setje noko eksakt grense for kva som er eit berekraftig gjeldsnivå. Det avheng av mange faktorar, t.d. framtidig inntektsvekst, forventning om utvikling i rentenivå osv. I ein rapport frå Riksrevisjonen (Dokument 3:5 2014-2015) vert grensa for når gjeldsnivået byrjar å bli faretruande høgt sett ved 75 %. Dette tilseier at Hordaland fylkeskommune i komande økonomiplanar bør leggje opp til å dempe veksten i lånegjelda.

Grafen nedanfor viser utviklinga i gjeldsgrad i Hordaland og nokre andre fylkeskommunar som det er naturleg å samanlikne seg med. Hordaland ligg heilt i toppen, saman med Sør-Trøndelag.



## Utvikling i rentenivå

I 1. tertial har rentenivået vist ein stigande tendens. Pengemarknadsrenta (3 mnd. Nibor) gjekk opp frå 0,81% ved årsskiftet til 1,11 % ved utgangen av april. Kommunalbanken har sett opp p.t. renta med 0,2 % til 1,7 % frå 3. april. Gjennomsnittleg rentenivå på alle fylkeskommunen sine lån med flytande rente har gått opp frå 1,31 % til 1,44 %.

Gjennomsnittsrenta på den totale låneporteføljen har likevel vore om lag uendra. Dette skuldast at ein har innfridd eit lån i Kommunalbanken, som hadde fast rente på 3,46 %.

## Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	31. des. 2017		30. apr. 2018	
	Lånesaldo	Andel	Lånesaldo	Andel
Lån med rentebinding over 1 år	5 616 000	53,6 %	5 411 000	50,7 %
Lån med flytande rente / rentebinding under 1 år	4 857 300	46,4 %	5 262 300	49,3 %
<b>Totale lån</b>	<b>10 473 300</b>	<b>100,0 %</b>	<b>10 673 300</b>	<b>100,0 %</b>


Ein har definert grensa mellom fast og flytande rente ved 1 år. Ved utgangen av april hadde 50,7 % av låneporteføljen fast rente.

### Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Pr. 30. april er bindingstida 2,0 år.

Oppstillinga nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år.

Periode (år)	Mill. kr	Andel
< 1	5 262	49,3 %
1 - 2	571	5,3 %
2 - 3	1 470	13,8 %
3 - 4	1 500	14,1 %
4 - 5	950	8,9 %
5 - 6	920	8,6 %
<b>Totalt</b>	<b>10 673</b>	<b>100,0 %</b>




### Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjera meir enn 10 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over lån som har forfall kvart år framover.

Periode (år)	Mill. kr	Andel
< 1	3 411	32,0 %
1 - 2	1 160	10,9 %
2 - 3	1 458	13,7 %
3 - 4	1 180	11,1 %
4 - 5	1 508	14,1 %
5 - 6	920	8,6 %
6 - 7	0	0,0 %
7 - 8	0	0,0 %
8 - 9	460	4,3 %
9 - 10	0	0,0 %
> 10	576	5,4 %
<b>Totalt</b>	<b>10 673</b>	<b>100,0 %</b>



Pr. 30. april har fylkeskommunen 6 sertifikatlån og 1 kortsiktig lån i Kommunalbanken med sertifikatvilkår. Tre av låna har løpetid på 3 mnd. og fire på 12 mnd. Obligasjonslåna har løpetider frå 3 - 10 år, medan dei fleste Kommunalbanklåna har løpetid på 10 år.

For å avgrense refinansieringsrisikoen, er det viktig å planleggje forfall, slik at ein unngår at mange lån har forfall i løpet av eit kort tidsrom. På neste side er vist eit detaljert oversyn over lån som har forfall dei neste 12 månadene. I tillegg til sertifikatlåna, er det 3 langsiktige lån som har forfall.

For sertifikatlåna med 3 mnd. løpetid har ein «rulleringsavtaler» med DNB. Dvs. at banken fornyar låna ved kvart forfall. På denne måten har ein redusert refinansieringsrisikoen til eit minimum. For tida oppnår ein lågare rente på denne måten enn om ein hadde teke opp meir langsiktige lån.

## Låneforfall neste 12 måneder:

Dato	Lånetype	Beløp	Kommentar
22.05.2018	Sertifikat 22.02.2018 - 22.05.2018	340 000	Rulleringsavt.
08.06.2018	Sertifikat 08.06.2017 - 08.06.2018	335 000	
28.06.2018	Sertifikat 28.03.2018 - 28.06.2018	221 000	Rulleringsavt.
30.07.2018	Sertifikat 30.04.2018 - 30.07.2018	345 000	
23.08.2018	Kommunalbanken 2013-2018	230 000	Avdrag
26.10.2018	Sertifikat 27.10.2017 - 26.10.2018	350 000	
23.11.2018	KBN sertifikat 23.11.2017 - 23.11.2018	470 000	
14.02.2019	Obligasjonslån 2014-2019	400 000	
26.02.2019	Kommunalbanken 2009/2019	330 000	
15.03.2019	Sertifikat 16.03.2018 - 15.03.2019	390 000	
<b>Total</b>		<b>3 411 000</b>	

**Likvide midlar**

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar ved utgangen av april:

	Des 2017	Apr 2018
Pengemarknadsfond	126 877	126 877
Ordinære bankinnskot	768 015	644 794
Skattetrekksmidlar	116 879	236 361
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	598 965	544 754
Bankkonti bompengeprojekt	45 784	52 016
Sum innskot og fond	1 656 521	1 604 802
Kassabeholdningar	22 478	22 612
<b>Sum likvide midlar</b>	<b>1 678 998</b>	<b>1 627 415</b>

Sum likvide midlar er vel 1,6 mrd. kr. Summen har ikkje endre seg mykje i 1. tertial.

Gjennomsnittleg annualisert avkastning på pengemarknadsfonda har vore 1,54 %. Til samanlikning har renta på konsernkontoen vore 1,4 %.

**Renterisiko**

Slik situasjonen er pr. 30. april, vil endringar i rentenivået gje små utslag for fylkeskommunen første året. Første året vil auken i renteinntekter og rentekompensasjon nesten motsvare auken i renteutgifter.

I tabellen er det også vist korleis ein renteauke på 1 prosentpoeng i år vil slå ut i 2021. Innan den tid vil mange av fastrentelåna ha fått ny rente. Netto renteutgifter vil gå opp med om lag 45 mill. kr. Utrekningane er gjort med same låneportefølje og same innskot som pr. 30.04.2018. I praksis ventar ein at summen av lån vil halde fram med å auke noko. Dermed vil også auken i renteutgifter bli noko høgare.

	Mill. kr	
	år 1	2021
Renteutgifter	33,0	74,0
Renteinntekter og rentekompensasjon	-30,7	-28,6
Netto	2,3	45,4

**Prognose i høve til budsjett**

Så langt er det ikkje konstatert nemnande avvik i høve til budsjettet.

Som vedlegg til saka følgjer ein rapport utarbeidd av Bergen Capital Management. Her finn ein meir detaljopplysningar, m.a. ei oppstilling av alle fylkeskommunen sine lån med gjeldande rentesatsar.